



Allmenne føresegner for konfirmasjon

Vedteke av Kyrkjemøtet 2021

1. Kyrkja inviterer til dåp fordi Jesu ord i Matt 28,18-20 gjev ei klår oppmoding til å døypa og undervisa i trua:

«Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

2. I samsvar med dette oppdraget døyper kyrkja born som foreldre/føresette tek med til dåp, og likeeins unge og vaksne som sjølve ønskjer å bli døypte. Borna blir døypte i forventning om at dei får trusopplæring i heim og kyrkje og deltek i ordninga for konfirmasjon i kyrkja. Ved dåpshandlinga seier kyrkjelyden fram den kristne forsakinga og trua. Dette blir også gjort ved den avsluttande konfirmasjons-gudstenesta.

3. Konfirmasjonstida er open både for døypte og udøypte. For dei som ikkje er døypte, ønskjer kyrkja i konfirmasjonstida å rettleia kvar enkelt om tru og dåp i ein prosess fram mot eit sjølvstendig val. For å bli konfirmert må ein vera døypt.

Det bør leggjast til rette for at deltakarar som vel ikkje å bli konfirmert, får ei verdig avslutning av konfirmasjonstida.

4. Invitasjon til konfirmasjon gjeld alle, uavhengig av funksjonsevne.

5. Å delta i gudstenester i kyrkjelyden er ein vesentleg del av konfirmasjonstida. Konfirmantane skal delta på minimum åtte gudstenester i konfirmasjonstida. Dei særskilte gudstenestene knytte til konfirmasjonstida er gudsteneste med presentasjon, samtale-gudsteneste og konfirmasjons-gudsteneste med forbøn og velsigning av den enkelte konfirmanten. Konfirmantane bør møta ulike former for gudsteneste, samtidig som det blir tenkt på lokalt særpreg og at konfirmantane skal kjenna seg att i det som skjer. Val av salmar i konfirmasjonstida bør vera slik at utvalet representerer den felles kyrkjelege salmeskatten.

6. Ved gudstenester i konfirmasjonstida nyttar ein i hovudsak tekstane i kyrkjeåret. Ved den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta blir det som regel brukt særskilte tekstar for konfirmasjon. Gudstenestene i konfirmasjonstida må tilpassast den lokale grunnordninga for hovudgudsteneste i kyrkjelyden.

7. Den liturgiske tenesta bør så langt det er mogleg fordelast mellom prest, kateket og/eller andre som har spesielt ansvar for konfirmantopplæringa.

8. Desse allmenne føresegnene erstattar føresegnene i Gudstenesteboka frå 1992. Allmenne føresegner for hovudgudsteneste, punkt 6, gjeld også for gudstenester i konfirmasjonstida.